

Saksframlegg

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 15/11782-3

Val av ny leiar og nestleiar for perioden 1.1.2018 til 31.12.2019**Fylkesrådmannen legg saka fram utan tilråding til vedtak:**

1) Hovudsamarbeidsutvalet vel ny leiar og nestleiar frå arbeidsgjevarsida for perioden 1.01.2018 til 31.12.2019 etter framlegg frå fylkesrådmannen;

Leiar:
 Nestleiar:

2) Øvrige medlemmar og varamedlemmar i utvalet vert prolongert for perioden 01.01.2018 til 31.12.2019.

3) Medlemmar og varamedlemmar kan gjennom valperioden bli utskifta og erstatta av partane i valperioden om turvande årsaker gjev dette rett.

Vedlegg:

Reglementet for hovudsamarbeidsutvalet

SAKSFRAMSTILLING**1. Saksutgreiing**

Fylkestinget i møte 03.06.2003, sak nr 0022/03, gjorde endringar som i prinsippet har erstatta Hovudarbeidsmiljøutvalet og Administrasjonsutvalet (HAMU og ADMU) med eit nytt organ kalla Hovudsamarbeidsutvalet. Fylkestinget vedtok i møte 11.12.07 å etablere HSU som eit fast organ.

Hovudsamarbeidsutvalet dekkjer oppgåvene som administrasjonsutval etter hovudavtalen kommunalt tariffområde del B, § 4, og [kommunelova § 25](#), og oppgåver etter [arbeidsmiljølova kap 7](#). Hovudsamarbeidsutvalet har 10 medlemmer og skal vere slik samansett:

Arbeidsgjevarsida:	Fylkesrådmannen (med forvaltningsdirektøren som stedfortredar som varamedlem).
	Fylkesrådmannen peikar ut dei andre fire medlemene med personlege varamedlemer frå arbeidsgjevarsida.
Arbeidstakarsida:	Fylkeshovudverneombodet (med ein varamedlem frå vernetenesta).
	Fire representantar frå dei tilsette med personlege varamedlemer.
	Ved utpeiking av dei tilsette sine representantar blir medlemstalet både innanfor kommunalt og statleg avtaleområde å leggje til grunn. Representasjonen frå arbeidstakarsida skal skje etter høvetalsprinsippet, men arbeidstakarsida kan fråvike høvetalsprinsippet dersom dei gjennom avtale kjem fram til anna ordning/fordeling, jf. hovudavtalen.

Hovudsamarbeidsutvalet er p.t. samansett slik:

Medlemer og varamedlemer
gjeld frå 01.01.2016 til 31.12.2017

Arbeidsgjivarsida:

Medlem	Tore Eriksen
Varamedlem	Paal Fossdal
Medlem	Bekka Skaasheim
Varamedlem	Tor-Einar Holvik Skinlo
Medlem	Clara Øberg
Varamedlem	Dina Lefdal
Medlem	Ingebjørg Erikstad
Varamedlem	Synnøve Stalheim
Medlem	Jan Tore Rosenlund
Varamedlem	Eli Nes Killingrød

Arbeidstakarorganisasjonane:

Medlem	Hilde Kvamsås Aa (leiar)
Varamedlem	Ingvild Helle Bolstad
Medlem	Svein Torbjørn Sandvold
Varamedlem	Erna Hamrum
Medlem	Jasmin Eminovic
Varamedlem	Per Arne Strand, perm 2016/17, ny varamedlem er Kari Margrete Fardal
Medlem	Turid Svoren (nestleiar)
Varamedlem	Jarl Henrik Devik
Medlem	Olav Vestrheim Fylkeshovudverneombod (FHVO)
Varamedlem	Bente Kvåle FHVO sin varamedlem for møter i dette utvalet

Arbeidsgjevarsida skal no velje ny leiar og nestleiar for perioden 1.01.2018 til 31.12.2019.

2. Konklusjon

Etter vedtak i HSU sitt møte 29. november 2017 vert valet av ny leiar og nestleiar frå arbeidsgjevarsida formidla som nyhende på Portalen og elles oppdatert der utvalet er presentert.